



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 17.04.2018

Sak nr.: 16/8208-58
Internt I.nr. 22198/18

Sak: 9/18

Tittel: **Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre.

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føresegna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsmråda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

4.2, kulepunkt 2

Tillegg: Leikanger sin rolle som administrasjonsstad i fylket, med samlokalisering av etatar frå ulike forvaltningsnivå, bør vidareførast.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Side 6, Endring av kulepunkt om Sogndal:
Sogndal er regionsenter i Sogn. Nye Sogndal kommune er naturleg lokaliseringssstad for offentlege - og private tenester som skal dekke heile regionen Sogn og heile fylket.
Sogndal og Leikanger bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringssstad for offentleg – administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
2. Side 5, endre kulepunkt 3 til:
Nye bustadområde i tettstaden bør planleggjast i gå- og sykkelavstand frå sentrum definert i kommune og reguleringsplan.
3. Side 5, endre kulepunkt 12 til:
Det skal takast omsyn til matjord, kulturminne, kulturhistoriske.....

4. Side 6, endre kulepunkt 4 – ny 2. setning; «Nordfjord skal og ha regionsenterfunksjonar». Stryk «internt i regionen» i 3. setning. Resten står som i framlegget.
5. Nytt punkt om digitalisering under kapittel om Sterkare bu – arbeids og serviceregionar: «Digitalisering må brukast som eit aktivt verkemiddel for å styrke sentra i Sogn og Fjordane sin regionale, nasjonale og internasjonale posisjon. I alle kommunane bør det utviklast profesjonelle digitale møteplassar som kan nyttast av offentlege og private verksemder. Breibandsutbygging og anna digital kommunikasjon er viktig infrastruktur som gjer at fylket kan ta ein leiande posisjon i moderne datateknologi».

Avrøyting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samråystes vedteke.

Punkt 1 i framlegget frå Senterpartiet vart samråystes vedteke.

Punkt 2, 3 , 4, 5 og 6 i framlegget frå Senterpartiet vart samråystes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesutvalet vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur for Sogn og Fjordane 2018-2022 vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande endringar:

1. Side 6, Endring av kulepunkt om Sogndal:
Sogndal er regionsenter i Sogn. Nye Sogndal kommune er naturleg lokaliseringsstad for offentlege - og private tenester som skal dekke heile regionen Sogn og heile fylket.
Sogndal og Leikanger bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringsstad for offentleg – administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
2. Side 5, endre kulepunkt 3 til:
Nye bustadområde i tettstaden bør planleggjast i gå- og sykkelavstand frå sentrum definert i kommune og reguleringsplan.
3. Side 5, endre kulepunkt 12 til:
Det skal takast omsyn til matjord, kulturminne, kulturhistoriske.....
4. Side 6, endre kulepunkt 4 – ny 2. setning; «Nordfjord skal og ha regionsenterfunksjonar». Stryk «internt i regionen» i 3. setning. Resten står som i framlegget.
5. Nytt punkt om digitalisering under kapittel om Sterkare bu – arbeids og serviceregionar (side 36): «Digitalisering må brukast som eit aktivt verkemiddel for å styrke sentra i Sogn og Fjordane sin regionale, nasjonale og internasjonale posisjon. I alle kommunane bør det utviklast profesjonelle digitale møteplassar som kan nyttast av offentlege og private verksemder. Breibandsutbygging og anna digital kommunikasjon er viktig infrastruktur som gjer at fylket kan ta ein leiande posisjon i moderne datateknologi».
6. Side 36, punkt 4.2, tillegg i kulepunkt 2:
Leikanger sin rolle som administrasjonsstad i fylket, med samlokalisering av etatar frå ulike forvaltningsnivå, bør vidareførast.

Fylkestinget syner til vedtak i fylkestingssak 54/16 om at Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal reviderast i 2018, med særleg sikte på at føresegna ikkje skal vere til hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda også i andre tettstader enn Førde, Florø og Sogndal.

Fylkestinget føreset at fylkesrådmannen følgjer opp dette vedtaket.